

Det er oppdaga hovudlus

Til foreldre/føresette

Vi ønskjer å informere om at det er oppdaga hovudlus hjå somme elevar på skulen. For å få bukt med problemet, ber vi dykk om å sjekke alle i husstanden så snart som mogeleg med lusekam. Berre dersom alle hjelper til, vil det vere mogeleg å bli kvitt hovudlus i nærmiljøet.

Hovudlus er heilt ufarleg, men kan vere ubehageleg. Kløe i hovudbotnen er eit symptom på lusesmitte, men det kan ta fleire veker frå ein blir smitta til det eventuelt begynner å klø. Det er viktig at lusesmitte blir oppdaga så raskt som mogeleg for å unngå spreiring.

Ver venleg å følgje råda nedanfor for å sjekke og behandle.

SJEKKE

Folkehelseinstituttet tilrår at barn blir sjekka for hovudlus minst ein gong i månaden. Ettersom vi no har lus på skulen, ønskjer vi at de sjekkar alle i husstanden minst ein gong i veka i fire veker.

Slik gjer du det:

- Fukt håret og tilset gjerne balsam for å gjere det lettare å kjemme.
- Legg eit kvitt handkle over skuldrene for å sjå om det fell lus ned når du kjemmer.
- Kjem heile håret systematisk med lusekam (kan kjøpast på apoteket), frå heilt inntil hovudbotnen og ut heile lengda på håret.
- Tørk av kammen på tørkepapir etter kvart drag, og sjå etter lus. Når lusene har tørka, begynner dei å kravle rundt.



For å finne lus i langt hår er det lurt å dele håret i 3-6 hestehalar og kjemme ein hestehale om gongen.
Foto: Lene Solbakken, FHI

BEHANDLE

Dersom du oppdagar lus, skal du gjere følgjande:

- Behandle alle som har lus samtidig. Dei som ikkje har lus, skal ikkje behandlast. Lusene kan ein bli kvitt ved hjelp av lusemiddel, hyppig kjemming, eller ved å barbere håret på hovudet kortare enn 0,5 cm. Ved bruk av lusemiddel må de følgje bruksretteiinga nøye. Les meir om behandling på Folkehelseinstituttet sine heimesider, eller spør på apoteket.
- Du treng ikkje å vaske hus, møblar, puter osv. Lus blir raskt svekte når dei er borte frå hovudet.
- Barnet kan gå på skulen som normalt, men må begynne på lusekur så fort som mogeleg.
- Informer skulen og vennekrisen om at barnet har hovudlus.

Vi takkar for samarbeidet!

Med vennleg helsing

Les meir om lus på: www.fhi.no/tema/lus

Teksten er utarbeidd av: